



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 05.04.2016
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Sindre Rotevatn	Dan Helge Bjørneset	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Henrik Skovly	Økonomisjef PS 65/16
Arne Gotteberg	Kommunelege OS 50/16
Per Heltne	Arealplanleggar PS 60/16

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
OS 50/16	Sunne kommuner
PS 58/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 62/16	Årsmelding og skatterekneskap for 2015
PS 59/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 65/16	Månadsrapportering februar 2016
PS 63/16	Økonomisk støtte - firenasjonsturnering i Ulsteinvik - Hødd handball
PS 61/16	Regionale samferdselsmøte 2016
PS 60/16	Planid 2012009 - Reguleringsplan Rotsetfjora I1 og Sp1-5 - Endra føresetnader - avklaring av plansituasjon.
PS 64/16	Orienteringssaker
OS 48/16	Kommunereform
OS 49/16	Skiltplan/skilting Gamlevegen
OS 51/16	Utvida KOSTRA-analyse
OS 52/16	Møte med Eid formannskap

OS 50/16 Sunne kommuner

Kommuneoverlege Arne Gotteberg orienterte om Sunne kommuner, WHOS Norske nettverk. Det vert kalla inn til nettverkssamling og generalforsamling 28-29. april. Politisk representant frå Volda kommune vert varaordførar Fride Sortehaug, i tillegg deltek Arne Gotteberg.

PS 58/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Dokument sendt til formannskapet 04.04.2016:

- Vedlegg til PS 61/16: Rangsæter. *Innspeil i samband med drøfting samferdselssaker*, datert 02.04.2016.
- OS 48/16 Kommunereform. Fylkesmannen. *Kommunereforma fram til endeleg vedtak i kommunane innan 1. juli – og fylkesmannen si tilråding innan 1. oktober 2016*, datert 31.03.2016.
- OS 50/16 Sunne kommuner.

Dokument utsendt møtedagen:

- PS 65/16 Månadsrapportering februar 2016.
- OS 48/16 – Notat – St.mld Nye folkevalgte regioner, datert 05.04.2016.

Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om følgjande endring av og tillegg til saklista:

- Planid 2012009 – Reguleringsplan Rotsetfjora II og Sp1-5 - Endra føresetnader - avklaring av plansituasjon, vert handsama etter kl. 14.00
- Møte med Eid formannskap
- Orientering frå rådmannen om utvida KOSTRA-analyse
- PS 65/16 Månadsrapportering februar 2016 vert sett på saklista og vert handsama i starten av møtet

Røysting:

Innkalling og sakliste, med endringar og tillegg frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

PS 62/16 Årsmelding og skatterekneskap for 2015

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2015 til vitende.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 05.04.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2015 til vitende.

PS 59/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**Handsaming:****Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte, 15.03.2016, vart samrøystes godkjent.

PS 65/16 Månadsrapportering februar 2016**Administrasjonen si tilråding:**

Månadsrapporten for februar 2016 vert teken til vitende.

Handsaming:

Saka vart lagt fram for formannskapet på møtedagen.

Økonomisjef, Henrik Skovly, orienterte som saka.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 05.04.2016:

Månadsrapporten for februar 2016 vert teken til vitende.

PS 63/16 Økonomisk støtte - firenasjonsturnering i Ulsteinvik - Hødd handball**Administrasjonen si tilråding:**

Det er ikkje avsett midlar til denne type tiltak i budsjettet for 2016. Søknaden vert difor avslått.

Handsaming:

Margrete Bjerkvik kom med slikt framlegg:

5000 kr i støtte til Handballen sidan dette er eit stort eingongsarrangement . Dekning ubunde disposisjonsfond.

Formannskapet drøfta saka og Margrete Bjerkvik endra framlegget sitt til:

5000 kr i støtte til Handballen sidan dette er eit stort eingongsarrangement . Dekning løyvingar som formannskapet disponerar.

Det vart halde prøverøysting:

Framlegget frå Margrete Bjerkvik fekk to røyster (Margrete Bjerkvik og Andres Egil Straume), sju røysta mot.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding fekk sju røyster og vart vedteken, to røysta mot (Margrete Bjerkvik og Andres Egil Straume).

Vedtak i formannskapet - 05.04.2016:

Det er ikkje avsett midlar til denne type tiltak i budsjettet for 2016. Søknaden vert difor avslått.

PS 61/16 Regionale samferdselsmøte 2016

Administrasjonen si tilråding:

1. Volda kommune tek del i regionalt samferdselsmøte 28. og 29. april 2016, og frå formannskapet møter ordførar og eventuelt....., i tillegg til representant frå administrasjonen.
2. Aktuelle tema for kommunen å ta opp i møtet kan t.d. vere:
 - ✓ Voldatunnel (eiga sak om i NTP)
 - ✓ Gang-sykkelveg Volda-Ørsta
 - ✓ Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum
 - ✓ Fv.40 rassikring Dalsfjorden
 - ✓ Fartsreduksjon Fv. 40 Nautvik-Kornberg
 - ✓ Gangveg Vikebygd skule –Haueidet.
 - ✓ Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,
 - ✓ Korrespondanse Timeekspressen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.
 - ✓ Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum
 - ✓ Venterom på Folkestad ferjekai

- ✓ *Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.*
- ✓ *Voldsdfjordkryssing*

Handsaming:

Brev frå Rangsæter. *Innspel i samband med drøfting samferdselssaker*, datert 02.04.2016, vart sendt til formannskapet 04.04.2016.

Ordføraren orienterte. Formannskapet drøfta saka. I tillegg til ordføraren, vart følgjande politiske representantar foreslått til det regionale samferdselsmøtet:

- Gunnar Strøm kom med framlegg om Odd A. Folkestad
- Anders Egil Straume kom med framlegg om Arild Iversen

Røysting:

Administrasjonen si tilråding, med framlegg frå Gunnar Strøm og Anders Egil Straume, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 05.04.2016:

- 1. Volda kommune tek del i regionalt samferdselsmøte 28. og 29. april 2016, og frå formannskapet møter ordførar, Odd A. Folkestad og Arild Iversen, i tillegg til representant frå administrasjonen.**
- 2. Aktuelle tema for kommunen å ta opp i møtet kan t.d. vere:**
 - ✓ *Voldatunnel (eiga sak om i NTP)*
 - ✓ *Gang-sykkelveg Volda-Ørsta*
 - ✓ *Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum*
 - ✓ *Fv.40 rassikring Dalsfjorden*
 - ✓ *Fartsreduksjon Fv. 40 Nautvik-Kornberg*
 - ✓ *Gangveg Vikebygd skule –Haueidet.*
 - ✓ *Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,*
 - ✓ *Korrespondanse Timeekspresen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.*
 - ✓ *Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum*
 - ✓ *Venterom på Folkestad ferjekai*
 - ✓ *Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.*
 - ✓ *Voldsdfjordkryssing*

PS 60/16 Planid 2012009 - Reguleringsplan Rotsetfjora I1 og Sp1-5 - Endra føresetnader - avklaring av plansituasjon.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med grunnlag i endra eigedomssituasjon og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på det mottekne initiativ til endra arealbruk for det aktuelle området. Ein endra arealbruk som skissert er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om sentrumsnære bustader, og betra tilknytning mot sjø.*
- 2. Pågåande reguleringsarbeid vert å avslutte ved at plan vert fremja for slutthandsaming, der planområdet vert avgrensa slik at reguleringsplan berre for Scana sitt eksisterande areal 30/1-3 vert godkjent.*
- 3. Det vert lagt opp til ny planprosess for resterande areal frå grensa mot Scana si bygseltomt 30/1-3 og sørover til småbåthamna.*
- 4. Arealbruksformålet for området 30/157 med tilstøytande areal vert ved fremjing av ny plan endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/kontor).*
- 5. Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjora sør for Naustvegen vert teke vare på som del av bevaringsområde i ny plan.*
- 6. Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg. Kommunen sin eigedom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til utbyggingsområde og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.*
- 7. Ut frå dei intensjonar og idear om arealbruk som ny eigar i området har lagt til grunn, finn ein at det også er grunnlag for fremjing av dette gjennom privat planinitiativ, om dette vert etterspurt.*
- 8. Kommunen er positiv til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens eigne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området.*

Handsaming:

Arealplanleggar, Per Heltne, orienterte og svara på spørsmål frå formannskapet.

Odd A. Folkestad kom med slik protokolltilførsel:

Det bør vere folkevalde til stades på oppstartsmøter.

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

Kommunen må ha styring på all regulering av heile området. Det kan ikkje godkjennast ei privat regulering som gjeld berre "Velsvikområdet" (30/157). I det vidare reguleringsarbeidet

i kommunal regi for heile området, må m.a. Rotset Grendautval vere innvolvert som høyringsinstans.

Gunnar Strøm, SV, kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett. Før vidare handsaming av saka, skal det haldast synfaring.

Røysting:

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 05.04.2016:

Saka vert utsett. Før vidare handsaming av saka, skal det haldast synfaring.

PS 64/16 Orienteringssaker

OS 48/16 Kommunereform

Brev frå fylkesmannen, *Kommunereforma fram til endeleg vedtak i kommunane innan 1. juli – og fylkesmannen si tilråding innan 1. oktober 2016*, datert 31.03.2016, vart sendt til formannskapet 04.04.2016.

Notat – St.mld Nye folkevalgte regioner, datert 05.04.2016, vart delt ut på møtet.

Ordføraren orienterte om hovudtrekka i regionalmeldinga og status for kommunereformprosessen.

OS 49/16 Skiltplan/skilting Gamlevegen

Det var ingen merknader til orienteringssaka.

OS 51/16 Utvida KOSTRA-analyse

Rådmannen orienterte om at KS agenda vil presentere ei utvida KOSTRA-analyse for Volda kommune i formannskapsmøtet 3. mai. Analysen vil gi eit godt grunnlag for komande budsjett- og økonomiplanprosess og gjennomgang av drifta.

OS 52/16 Møte med Eid formannskap

Ordføreren vist til invitasjon frå Eid formannskap, og kom med framlegg om 10 mai som ein aktuell møtedato. Ordføreren arbeider vidare med saka.

Møtet slutt kl 14:45

Rett utskrift
Volda kommune, servicekontoret
06.04.2016

Sonja Håvik
konsulent